

Møtereferat

Dato: 26. okt 2022

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	Bård Sandal, Rigmor Fardal, Mette Nora Sætre, Øystein Høyvik, Leni Lisæter, Kathrin Jakobsen, Heidi Bjønnes Larsen, John Tveit, Bjarte Hysing-Olsen, Christian Rekkedal, Helene Frihammer, Gisle Nondal, Tina Lihaug Selbæk,	
Forfall:	Margareth Hagen, Marit Warncke, Geir Kåre Resaland, Geir Mikalsen, Roger Pilskog, Anne Kverneland Bogsnes, Nina Broch Mathisen	Sak: 31/22-35/22
Møtetid:	Kl 0830-1030	Møtestad: Teams

Møteleiar: **Bård Sandal**Referent: **Gisle Johanson****Sak 31/22: Godkjenning av innkalling og sakliste***Vedtak: Næringsforum godkjende Innkalling og saksliste***Sak 32/22: Godkjenning av referat frå møte 9. september 2022**

Bård Sandal orienterte om arbeidet med å sette rammar for prosjektet som vil jobbe med barrierar knytt til Grøn region Vestland. Prosjektet vil operasjonalisere tiltak for å overvinne barrierane og tilhøyrande aktørkart.

NHO og Siva ynskjer å ta del i prosjektgruppa. Geir Mikalsen frå NHH vil og bli spurd om å delta.

Heidi Bjønnes Larsen ga ein status for arbeidet med årsplan for 2023. Det vil verte sendt ut eit utkast til årsplan før neste møte i Næringsforum i desember og ein vil ta initiativ til møte med enkelte av deltakarane i Næringsforum mellom anna Næringsalliansen

*Vedtak: Næringsforum godkjende referat frå førre møte***Sak 33/22: Framlegg til Statsbudsjett**

Bård Sandal innleia og viste til at det er fleire viktige element i framlegg til statsbudsjett som er viktige for næringsliv og UH-sektoren i Vestland. Han inviterte deltakarane til å dele sitt syn på konsekvensane av framlegget.

Tina Selbæk orienterte om at det er foreslått ei løyving på 100 millionar kr i statleg eigenkapital til industritomter. For Siva sin programverksemd for næringshagar og inkubatorar er det foreslått ein reell auke, mens løyvinga til Norsk Katapult er uendra.

Rigmor Fardal orienterte om ty rammene for forskning er uendra, men at det er foreslått ein reduksjon av budsjett for Forskningsrådet si eiga verksemd.

John Tveit informerte om at budsjettet for HVL er som forventa, men at regjeringa ikkje støttar opp om fleircampus-institusjonar.

Helene Frihammer orienterte om at NHO er kritisk til store skatteskjeringar for næringslivet og at dei kartlegg verknadene av desse. Ein har allereie registrert at bedrifter satsar planlagde investeringar. Ho la til at det i Vestland er mange små selskap i havbruksnæringa som vert råka. I kraftsektoren er det kjent at fem store investeringsprosjekt er satt på vent eller kansellert. NHO vil og arbeide for å få prosjekta Stanghelle-Voss og E134 inn igjen i budsjettprosessen.

Øystein Høyvik orienterte om at frie inntekter i kommunane er auka med 2,6 milliardar kronar mens konsekvensane av pris- og kostnadsauke utgjer til saman ein kostnadsauke på 12 milliardar for kommunane. Dette vil føre til at større investeringar vert utsette. Det er positivt at tilskott til breiband og tiltak for elevar i vidaregåande skuler er auka.

Gisle Nondal fortalde Bergen kommune vil få reduserte driftsinntekter auke i kraftskatt for Eviny og bortfall av straumkompensasjon. Han la til at det vert arbeida politisk for å sikre at planane om lokalisering av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet på Dokken kan verte realisert.

Leni Lisæter orienterte om organisasjonsendringer i Fiskeridirektoratet og endra lokalisering av leiinga.

Bård Sandal gjorde reie for dei viktigaste budsjettforslaga sett frå fylkeskommunen si side. Ein er uroa for forslaga knytt til utsetjing av dei store samferdsleprosjekta K5 og E134 og konsekvensane av skatteforslag knytt til kraftsektoren. Det er positivt at det er foreslått ei auke i tilskott til breibandutbygging, men ein er kritisk til reduksjon av løyving til Regionalt forskingsfond.

Christian Rekkedal informerte om at det er gjort nokre justeringar i budsjett for tiltak for landbrukssektoren og at det er foreslått å etablere Bionova med ei løyving på 230 millionar kr. Han la til at det er viktig å legge til grunn ei realistisk forståing av situasjonen vi er inne i når ein vurderer regjeringas budsjettforslag.

Bjarte Hysing-Olsen orienterte om at det framleis er knapp tilgang på arbeidskraft i Vestland og at budsjettforslaget gjev NAV reduserte løyvingar til administrasjon og tiltak. NAV ventar auke i arbeidsløysa i tida framover.

Vedtak: Næringsforum tok gjennomgangen til vitande

Sak 34/22 Delegasjonsreise til Bruxelles

Bård Sandal orienterte om bakgrunn for saka og peikte på at felles innsats mot Horisont Europa er det sentrale tema for reisa.

Kathrin Jakobsen gjekk gjennom det utsende notatet. Reisa er primært for medlemmar av Næringsforum, i tillegg vert fylkesordførar og byrådsleiar invitert med.

VLFK og UIB har samarbeida i planlegginga og sett opp tre mål:

- Synleggjere Vestland og det breie samarbeidet i regionen
- Posisjonere Vestland som verdsleiande havregion overfor samarbeidsaktørar og beslutningstakarar
- Få kunnskap frå EU som er relevant for Næringsforum sitt arbeid

Vedtak: Orienteringa vart tatt til vitande. Ei breiare orientering om aktuelle EU-relevante sakar vil bli satt på dagsorden for neste møte i Næringsforum

Sak 35/22 Eventuelt

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Tina Selbæk orienterte om prosessen knytt til opptak av nye aktører i dei nasjonale programma for næringshagar og inkubatorar. Siva vil gje si innstilling om opptak til fylkeskommunane 1. november. I statsbudsjettet er det ikkje foreslått å løyve midlar til skaleringsmodulen i inkubatorprogrammet. Det er kome inn 15 skissesøknader om skaling og 27 søknadar om testfasilitetar i distrikt.

Neste møte vert halden som fysisk møte i Bergen sentrum 13. desember kl 1230-1500 etterfulgt av julemiddag på Bryggeloftet restaurant.